1 630	jf ved	Diverse mindre anlegg	972 846	2 500 000					0
1 637	jf ved	Rehab avløpsleidn Leirvik sentrum	0	5 000 000	4 000 000	4 000 000	5 000 000	5 000 000	18 000 000
1 637	jf ved	Omprioritering 2011-løyving		-1 850 000					
1 686	jf ved	Prosjektering avløp	0	300 000	300 000	300 000	350 000	350 000	1 300 000
									0
1 640	8	Avløpssanering Sagvåg (nett)	5 821 829	7 500 000	0	0			0
									0
n.a.		Avløpssanering Sætravikjo	0	0	0	0	0	3 000 000	3 000 000
									0
nytt-avl.	7	Oppgradering pumpestasjonar Banev.		*	3 000 000	3 500 000	3 500 000		10 000 000
									0
nytt-avløp	6	Vestlivegen - VA-anlegg		*	2 500 000	5 250 000			7 750 000
nytt-avløp	9	Lønningsåsen Nord - VA-anlegg		*		1 800 000	4 000 000	2 000 000	7 800 000
									0
nytt-avløp		Sæ Nord - VA-anlegg					2 400 000		2 400 000
									0
1 641		Reinseanlegg Grunnvåg *	0	8 000 000	0				0
									0
1 604	6	Ledn.nett/pumpest. Steg 1	0	*		5 000 000	12 500 000	7 500 000	25 000 000
									0

INVESTERINGSPLAN VATN OG AVLAUP 2012-15

Revisjon nr 1 - Budsjett 2012

 Tenesteområde **avløp og reinseanlegg 3500**

Stord vatn og avlaup KF

		ULM 1/1-11	revidert 2011 2011	2012	2 013	2 014	2 015	2012-15
1 606	6 Ledn.nett/pumpest. Steg 2	0 *			5 000 000	12 500 000	7 500 000	25 000 000
								0
								0
nytt	Prosjektering Renseanlegg jfr nye krav				1 500 000	1 500 000	10 000 000	13 000 000
nytt	Ledn.nett/pumpest. Steg 3-4-5				1 500 000	15 000 000	20 000 000	36 500 000
								0
								0
	Est oppdatering nett (splitting-samling)	0	0	0	0	0		0
								0
								0
1 995	Byggjelånsrenter	0	1 556 500	876 150	1 834 250	3 506 250	3 429 250	9 645 900
	SUM 3500	10 009 109	29 856 500	16 806 150	35 184 250	67 256 250	65 779 250	185 025 900
	<i>Utstyrsbudsjettet</i>	0	1 155 000	500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000	5 000 000
	<i>ompr. Omprioritering 2010-løyving</i>							0
	<i>Sum tenesteområde avløp m/ utstyr</i>	10 009 109	31 011 500	17 306 150	36 684 250	68 756 250	67 279 250	190 025 900
	SUM Vatn og Avløp (3400 og 3500)	12 463 746	53 140 350	36 872 250	76 508 600	106 322 900	106 238 500	325 942 250
	<i>Utstyrsbudsjettet</i>	0	2 085 000	2 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	11 000 000
	Sum Vatn og Avløp m/ utstyr	12 463 746	55 225 350	38 872 250	79 508 600	109 322 900	109 238 500	336 942 250

Vedlegg 7.14 Budsjettframlegg Kontrollutvalet

Kontrollutvalet i Stord kommune, budsjettframlegg for 2012				
		Budsjett 2011	FRAMLEGG	
form.	Tekst		Budsjett 2012	Merknader
	Godtgjersle folkevalde (6 møter pr. år)	46 400	44 000	Leiar kr 26.200,- pr.år, medl./vamedl. Kr 130,80 pr.time
	Tapt arbeidsforteneste	10 000	10 000	
0,141	Arbeidsgjevaravgift 14,1 % av 56 400,-	7 783	7 700	
0,13	Servering på møta	3 000	0	lfm. møter i kontrollutvalet
0,25	Diverse, kontorrekvisita	3 000	0	For kontrollutvalet / lysing av møter
0,25	Kurs/konferanse	15 000	25 000	Fagkonferanse / kurs / folkevaldopplæring
0,07	Reise- og opphaldsutgifter	20 000	25 000	Reise i samband med kurs / opplæring
	Kontingentar	3 000	3 500	Kontingent Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)
	Abonnement	2 000	2 000	"Kommunerevisoren" til medlemmer i utvalet
0,25	Kjøp av sekretariatstenester	146 460	150 000	Berekna sekretariatstenester, SSB-auke iflg.avtale
0,25	Kjøp av revisjonstenester	440 000	610 000	I tråd med heilårseffekt av gjeldande avtale frå 01.07.11, fastpris reknesk.revisj. og ramme på 400 timar til prosjektarbeid (forvaltn.revisjon og selsk.kontroll)
0,25	Ekstra tiltaksmidlar	0	100 000	Til utarbeiding av nye planar for forv.revisjon og selsk.kontroll, samt uforutsette oppgåver for kontrollutvalet
	Meirverdiavgift	153 500	223 500	
	MVA-kompensasjon	-153 500	-223 500	
		696 643	977 200	

Notat

Til: Kommunestyret

EIGEDOMSSKATT. TAKSERING, INNTEKTSPOTENSIALE M.M. FOR STORD KOMMUNE

Om ordninga

Eigedomsskatten er ein objektskatt som er knytt til eigedomen og ikkje til person, slik inntekt- og formueskatten er. Objekt for eigedomsskatt er faste eigedomar, jamfør eigedomsskattelova § 4 første ledd. Det er tilhøva per. 1. januar i skatteåret som skal leggjast til grunn. Som faste eigedomar vert rekna:

"..bygningar og tomt som høyrer til, huslause grunnstykke som hagar, lykkjer, vassfall, laste-, opplags- eller arbeidstomter, bryggjer og liknande og likeeins verk og bruk og annan næringseigedom. Til verk og bruk vert m.a. rekna fabrikkar, sagbruk, møllebruk, skipsvervar, industrielle verk, og likeeins gruver, steinbrot, fiskevær, saltehus, lenser, utbygde vassfall og vassfallstykke, demningsverk, losse- og lasteplassar og liknande arbeids- og driftsstader. Bygningar og anlegg skal reknast saman med verket eller bruket når dei høyrer til eller trengst til verksdrifta. Arbeidsmaskinar og tilhøyrsløse og ting som kan setjast i klasse med slikt, skal derimot ikkje reknast med utan tingen er ein part av sjølve føretaket. Til annan næringseigedom vert rekna til dømes kontorlokale, parkeringshus, butikk, varelager, hotell, serveringsstad med vidare."

Eigedomsskattelova gir kommunane rett til å innføra skatt på alle faste eigedomar i heile kommunen, men med obligatorisk fritak for mellom anna "eigedom som vert driven som gardsbruk eller skogbruk". Kommunen kan velja ulike verkeområde for skattlegginga, jf. eigedomsskattelova § 3:

"Kommunestyret kan skrive ut eigedomsskatt på anten

- a) faste eigedomar i heile kommunen, eller
- b) faste eigedomar i klårt avgrensa område som heilt eller delvis er utbygde på byvis eller der slik utbygging er i gang, eller
- c) berre på verk og bruk i heile kommunen, eller
- d) berre verk og bruk og annan næringseigedom i heile kommunen, eller
- e) eigedom både under bokstav b og c, eller
- f) eigedom både under bokstav b og d.

Til kommunen vert rekna sjøområde ut til grunnlinjene."

I statsbudsjettet for 2012 er det framlegg om ei lovendring som opnar for endå eit utskrivingsalternativ. Om dette vert vedteke vil det verta høve til å skriva ut eigedomsskatt på berre bustad- og fritidseigedom frå og med 2012.

Lov om eigedomsskatt listar også opp eigedomar som skal unnatakast for eigedomsskatt (§ 5):

- Visse nærare fastsette eigedomar som staten eig.
- Eigedomar som høyrer til jernvegar til allmenn bruk, så langt og så lenge eigedomen vert nytta i verksemda.
- Kyrkjer.
- Eigedomar som kommunen sjølv eig.

- Legasjons- og konsulatteigedomar.
- Statens lufthamnselskap.
- Helseføretak.
- Eigedom som vert driven som gardsbruk eller skogbruk. Det er berre driftsdelen av jord- og skogbrukseigedomar som vert omfatta av fritaket. Det tyder mellom anna at bygningar, med passeleg tomt, som vert nytta til bustadføremål, ikkje er fritaken. Samstundes med at Regjeringa la fram forslag om at alle oppdrettsanlegg kan skattleggjast frå 2009, er det foreslått at det frå same tid vert innført obligatorisk fritak for eigedomsskatt for gartneri og planteskular knytte til landbrukseigedom.

Lova opnar også for at kommunen kan gje ytterlegare fritak, då på skjønsmessig grunnlag. §7 seier at kommunestyret kan fritak heilt eller delvis følgjande eigedomar:

- a) eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagne ein kommune, eit fylke eller staten
- b) bygning som har historisk verdi
- c) bygning som heilt eller i nokon mon vert nytta til husvære. Fritaket kan gjelda i opp til 20 år frå den tida bygningen vart ferdig. Formannskapet eller det utvalet som er nemnt i kommunelova §10, kan få fullmakt til å avgjera einskildsaker om skattefritak.
- d) Bygning og grunn i visse luter av kommunen

Bokstav c) har til føremål å stimulera til nybygging. Bakgrunnen for bokstav d) er ønsket om å ha ein heimel for fritak dersom somme område skulle verta liggjande tilbake utviklingsmessig.

Eigedomsskattekontor

§ 1 i Eigedomsskattelova er eigedomsskattekontoret definert som "det kontoret som har med å skriva ut" eigedomsskatten. Ordninga krev kontinuerleg vedlikehald og oppdatering, og eigedomsskattekontoret skal utføra alt administrativt og kontormessig arbeid for skattenemndene. Kommunen kan velja å oppretta eit eige kontor eller å leggja funksjonen til eit eksisterande kommunalt kontor som til dømes skatteoppkrevjaren. Det er rådmannen sitt ansvar å organisera dette.

Eit eigedomsskattekontor kan ha oppgåver som:

- Sekretariat for alle nemnder.
- Skriva ut eigedomsskatt.
- Sjø til at alle fristar vert haldne.
- Føra eigedomsskatteliste over all fast eigedom i kommunen.
- Føra liste over eigedomar som heilt eller delvis er fritaken for eigedomsskatt.
- Sørgja for at det vert gjennomført taksering av nye eigedomar og særskilt taksering for eigedomar som vert endra.
- Sørgja for at eigedomsskatteliste over alle skattepliktige eigedomar ligg ute til offentleg gjennomsyn i minst tre veker.
- Retting av feil.

Ordninga krev i tillegg kontinuerlig vedlikehald og oppdatering av register etc.

Taksering og modell for taksering

I takseringa av eigedomane som er aktuelle som skatteobjekt, er det to modellar som kan nyttast:

- Oppnemne ei skattetakstnemnd med minst tre medlemmer som fastset takstane etter synfaring av dei ulike eigedomane. Etter denne modellen skal heile nemnda som kollektivt organ synfare kvar eigedom.
- Oppnemne ei sakkunnig takstnemnd med minst tre medlemmer som fastset takstane etter framlegg til takst frå synfararar ("besiktigelsesmenn") med bakgrunn i synfaring.

Den siste modellen er mest vanleg og vert tilrådd av KS sitt eigedomsskatteforum. Den inneber altså at det vert oppretta ei sakkunnig takstnemnd og ei sakkunnig ankenemnd og tilsett eit tal besiktigelsesmenn

eller synfararar. Disse synfararane skal taksera bustader, hytter, garasjar, naust, næringseigedomar osv. etter faste malar fastlagde av den sakkunnige nemnda. Erfaringane frå andre kommunar tilseier at ein i Stord gjerne vil ha bruk for om lag 30 slike synfararar. Alle takstobjekt skal synfarast. Det er tilstrekkeleg med ei utvendig synfaring. Synfararane treng ikkje å vera godkjende takstmenn. Kommunen treng sakkunnige takstfolk til taksering av verk og bruk og andre næringseigedomar, større industrianlegg, teleanlegg og kraftliner. Skisse til vedtekter for modell 2 ligg ved, og er utarbeida etter forslag frå KS sitt Eigedomsskatteforum. Det ligg til sakkunnig takstnemnd å endeleg fastsetta slike vedtekter.

Det er viktig å lage eit godt grunnlagsmateriale i forkant av takseringa, slik at takseringsarbeidet kan gå lett og raskt. Dette må vere på plass før ein skal fysisk ut og sjå på alle eigedomane. Mange kommunar har gjort dette på prosjektbasis, og for Stord kommune vil det vera naudsynt med ein fulltids prosjektleiar i prosjektfasen. Det vert utarbeidd ein modell med detaljerte sjablongar eller retningsliner for taksering av bustader på bakgrunn av informasjon som kan hentast frå Matrikkelen eller annan stad i kommunale arkiv og register. Stord kommune er rimeleg å jour med registrering av bygg nyare enn 1983 i Matrikkelen, for eldre bygg er registreringane særskild mangelfulle. Det må settast av ressursar til å ajourføra desse registreringane.

Dei fleste kommunar som har eigedomsskatt brukar eigedomsskatteprogram som hentar ut bygningsopplysningar frå matrikkelen og andre register. Ved synfaring kan synfarar då ha med eit takstskjema med relevante data for kvar einskild eigedom der det og er generert eit forslag til takst. I systemet er det på førehand lagt inn forskjellige kvadratmetersatsar for areal som kjeller, hovudetasje, garasje og tomt mv, og det kan være lagt inn områdefaktorar osv. Synfararane aukar eller gjer frådrag i taksten på bakgrunn faktorar som til dømes særskild god eller dårleg utsikt, sjenerande støy, vedlikehald m.m (skjønsvise vurderingskriterier som nemnda sjølv fastset). Det er vanleg og anbefalt at det vert gjennomført prøvetakseringar før massetakseringa tar til, for å sjekke at sjabloner og takseringsprinsipp faktisk slår riktig ut når prøvetakstane vert samanlikna med nyare kjente salsprisar.

Det er marknadsværdien på skatteobjektet som skal leggjast til grunn for eigedomsskatten. Kommunestyret kan som del av den årlege budsjetthandsaminga vedta eit botnfrådrag for bustader, for å redusera skattetrykket. Kommunestyret kan også fastsetta ein reduksjonsfaktor på takstgrunnlaget, for å trygga at taksten ikkje overstig omsetningsværdien. Ein slik reduksjonsfaktor vil inngå som ein del av taksten og vert dermed ståande fram til neste alminnelege taksering (ein takst står i 10 år), medan botnfrådraget vert fastsett for eit år om gangen, og soleis gjer kommunen større handlingsrom. Ein lyt unngå at botnfrådraget vert sett så høgt at nokon vert fritekne frå skatten.

Det avgjerande ved fastsetting av takst er likskapsomsynet, at skattelegginga vert oppfatta som rettferdig av og mellom skatteytarane. Takstane må reknast som rettvise dersom tilhøvet mellom takst og anteken omsetningsværdi vert nokolunde likt mellom eigedomane i kommunen. Dersom ein oppnår dette vil det vera mindre viktig kva for metode for berekning og føresetnader som vert nytta for å koma fram til taksten.

Første gong ein kommune skriv ut eigedomsskatt er det tilstrekkeleg at alminneleg taksering er avslutta "innen utgangen av juni i det år skatt etter takstværdien første gang skal svares", jf. lov 4. mars 1960 om tillegg til skattelover for landet og byene §2.

Inntekspotensiale for eigedomsskatt

Inntekspotensialet for eigedomsskatt er 2-7 ‰ av omsetningsværdien (takst). Første året er det høve til å krevja inn 2 ‰. Deretter er det høve til å auka taksten med nye 2 ‰ kvart år opp til maksimumssatsen på 7 ‰. Satsen for eigedomsskatt skal fastsettast årleg som ein del av budsjettvedtaket. Det er høve til å differensiera ved å gje bustader ein lågare skattesats enn den generelle skattesatsen for andre skattepliktige eigedomar.

Eit viktig verktøy ved taksering vil vera Matrikkelen (tidlegare GAB-registeret), som gjev oversyn over alle eigedomane i kommunen. Det skal likevel gjennomførast takst, og med fleire variable komponentar i skattelegginga, vil det vera stor uvissheit knytt til det å anslå første års skatteinntekter. Erfaringa frå andre kommunar syner og at det er først etter eit 'driftsår' ein har føresetnader for å gje ein nokolunde presis prognose for inntektene frå eigedomsskatten.

Det er i dag 4 650 einebustader i Stord. Det er 505 bueingingar i rekkjehus/kjedehus/terrassebygg, 500 einingar i horisontal- og vertikaldelte tomannsbustader. Det er 1 310 leiligheiter i større og mindre anlegg/bustadbygg. I tillegg kjem våningshus (180), fritidshus/hytter (300), naust (450) og 200 diverse næringsbygg/butikkar/industribygg¹.

Det er marknads-/omsetnadsverdien som skal leggjast til grunn for takst. Om ein legg til grunn ein gjennomsnitt takst for einebustader på 1,5 mill kr, 1 mill kr for leiligheiter, våningshus, fritidshus og andre bueingingar, og 0,3 mill kr for naust kan det gje slik inntekt første år (skattesats 2 ‰):

Rekneeksempel berekning av skatteinntekter bustader og fritidshusvære m.m. (tal i 1000 kr)				
Eigedom	Takst, snitt	Tal einingar	Samla skattegrunnlag	Samla skatteinntekt
Einebustader	1 500	4650	6975000	13 950
Leiligheiter, vånings- og fritidshus	1000	1790	1790000	3 580
Naust	300	450	135000	270
Sum				17 800

Med desse føresetnadene vil ein få ei skatteinntekt på nær 18 mill kr for bustader, fritidseigedomar og naust. Men dette kan vera høgt, det vil gje ein beskatning på kr 3 000 i snitt per einebustad. KOSTRA (2010) syner at gjennomsnitt eigedomsskatt på ein standard einebustad på 120 m² sentralt beliggande er kr 2 647. Her vil skattesatsen sjølvsagt også variere kommunane imellom, og fleire kommunar vil ha gamle/låge takstar som igjen gir låg skatt, i tillegg til ev. botnfrådrag og/eller reduksjonsfaktor. Rådmannen vil vera varsam med å anslå inntektene frå eigedomsskatt på bustader, fritidshusvære m.m. så høgt som rekneeksempelen over syner.

Det er bortimot uråd å budsjettera skatteinntektene frå andre eigedomar (næringsseigedomar, verk og bruk) utan at det ligg føre takst eller er gjort ei større utgreiing. Første år lyt prinsippet om varsam budsjettering leggjast til grunn. Rådmannen har i budsjettframlegget lagt til grunn eit samla brutto inntekspotensiale for perioden på 19 mill kr per år for alle eigedomar.

Diverse forhold, vurdering

Det må vurderast om ein skal dele kommunen inn i ulike soner. Det at omsetnadsverdien på eigedomane skal danna grunnlag for skattlegging talar for ei soneinndeling. Samstundes vil dette opna for større grad av skjøn og det vil komplisera takseringa. Det vil liggja innanfor den sakkunnige takstnemnda sitt mandat å vurdere om det skal nyttast soneinndeling i kommunen.

Når det gjeld fritak for eigedomsskatt etter §7, bør ein vurdere om det er objekt som ikkje skal skattleggast. Slike fritak lyt knytast til objekt og ikkje til grupper av personar, som t.d. ungdom i etableringsfasen. Då kan ein heller vurdere botnfrådrag for 5-10 år gamle bustader. Botnfrådrag kan ikkje gjevast berre for bustader, men må og gjelda fritidseigedomar. §7 opnar elles for å fritta eigedomar eigd av stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten. Eigedomar som er eigde av t.d. idrettslag, ungdomslag, bedehuslag og liknande kjem inn under fritaket.

Retningslinjer for taksering bør innehalde faktorar for ulike etasjar i eit bygg, vurderingsfaktor for standard på eigedomen, og eventuelt faktor for ytre tilhøve som t.d. særskilt god eller dårleg beliggenhet. Ein bør

¹ Tal bygg som er tildelt husnr. Det faktiske talet på næringsbygg er venta å vera noko høgare.

likevel ikkje har så mange variablar at takseringsarbeidet blir for komplisert. Det ligg til den sakkunnige nemnda å ta stilling også til desse spørsmåla og utarbeide retningslinjer for takseringa.

Det er eit omfattande arbeid å innføra eigedomsskatt. Det lyt første året tilsettast ein prosjektleiar som kan konsentrera seg eine og åleine om oppgåva. Ein lyt sjølv sagt også nytta eigne tilsette med kompetanse innanfor økonomi, sakshandsaming og matrikkel, men hovudansvaret lyt plasserast på ein person. Det vil også krevja ekstra ressursar i ein periode for å oppdatere matrikkelen m.m. Det må engasjerast besiktigelsesmenn (synfararar) på prosjekt når sjøve takseringsjobben skal gjerast, anslagsvis 30 stk. Somme kommunar har med hell rekruttert pensjonistar til jobben. Næringseigedomar lyt takserast av profesjonelle takstmenn. Det vil vera behov for nye dataverktøy, evt tilleggsmødualar til eksisterande verktøy, for å handtere dei store datamengdene som det etterkvart vil bli. Når skatten er utskreven, bør ein legge til rette for å tilføre ressurs til sjøve oppfølginga av ordninga. Erfaringsmessig vil omfanget av klagesaker vera omfattande første året. Erfaringstal frå andre kommunar tilseier at ein kan rekna ca 1 000 kr i kostnader per eigedom for innføring av eigedomsskatt. Dette er også eit grovt anslag, men ei slik tilnærning tilseier at 8,5 mill kr bør vera dekkande for Stord kommune.

Kommunestyret sitt vedtak

Vedtak om å skriva ut eigedomsskatt må gjerast i samband med budsjetthandsaminga for det komande året. Skatten må innførast med verknad frå 1. januar i skatteåret. Kommunestyret må eventuelt vedta innføring av eigedomsskatt som ein del av budsjettvedtaket for 2012. Vedtakspunkt om innføring av eigedomsskatt vil som minimum innehalda følgjande:

- a) Kommunestyret vedtek i medhald av §2 i eigedomsskattelova å skriva ut eigedomsskatt for 2012 for heile Stord kommune.
- b) Skattesatsen vert sett til 2 ‰ av omsetnadsverdien for alle eigedomar.
- c) Formannskapet får fullmakt til å nemna opp ei sakkunnig takstnemnd med tre medlemmer og tre varamedlemmer og ei sakkunnig ankenemnd med tre medlemmer og tre varamedlemmer.
- d) Rådmannen får fullmakt til å etablere ei prosjektgruppe for arbeidet med innføring av eigedomsskatten, tilsetta prosjektleiar og synfararar og til å leiga inn profesjonelle takstmenn for taksering av næringseigedomar m.m. Kommunestyret legg til grunn at innføring av eigedomsskatt i Stord kommune vert gjennomført innanfor ei økonomisk ramme på 8,5 mill kr. Kommunestyret ber rådmannen om å nytta eigen organisasjon så langt som råd, for å redusera kostnadene mest mogeleg.
- e) Det vert gitt fritak for eigedomsskatt for eigedomar som er eigd av stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten, jfr §7a. Sakkyndig nemnd legg fram oversyn over kva eigedomar dette gjeld.
- f) Eigedomar som er eigde av idrettslag, ungdomslag, bedehuslag og liknande skal ha fritak for eigedomsskatt i Stord kommune.
- g) Dei føringar som her er lagt blir oversendt sakkunnig nemnd som fastset retningslinjer for takseringsarbeidet, herunder å ta stilling til mogeleg geografisk soneinndeling.

Statsbudsjettet for 2012, nytt framlegg gjeldande taksering

Anslått omsetnadsverdi er utgangspunktet for verdsetting (taksering) både i formuesskatten og eigedomsskatten. Omsetnadsverdien som vert lagt til grunn for fastsetting av skattegrunnlaga varierer likevel monaleg mellom dei to skatteformene. Det vart i 2009 og 2010 innført nye verdsettingssystem for bustad og næringseigedom. Dei nye systema skal gje betre samanheng mellom likningsverdi og omsetnadsverdi. Det er ifølgje departementet lagt vekt på at det nye systemet skal vera enkelt, med kvadratmetersatsar fastsett med utgangspunkt i nokre få kjenneteikn som har statistisk innverknad på omsetnadsverdien. M.a. for å redusera kostnader (ved taksering) vil departementet vurdera ei løysing der kommunen innanfor visse reglar kan nytta seg av dei nye formuesgrunnlaga og eigedomsdata m.v. ved

taksering av bustad- og næringseigedom for eigedomsskatt. Det vil ikkje vera aktuelt å gjera ei slik løysing gjeldande for skatteåret 2012, men det betyr at det kan koma eit system som vil forenkla/gje innsparingar i høve taksering, eventuelt frå 2013.

Departementet meiner likevel at koplinga til marknadsverdi for fast eigedom kan vera sterkare i eigedomsskatten og at takseringa for dette føremålet ofte kan vera meir presis enn dei metodane som vert nytta for formuesskatten fordi ein nyttar synfaring og i større grad vil kunna fanga opp lokale forhold. Dei nye formuesskattesystema inkluderer heller ikkje all eigedom, t.d. er verdisettinga på fritidsbustad nokså vilkårleg.

Det er m.a. ikkje opplagt at kommunane utan vidare kan nytta seg av grunnlaget for formuesskatten ved taksering for eigedomsskatt. Samstundes vil bruk av formuesgrunnlaget ifølgje departementet kunna gje stor innsparing ved taksering. Det er likevel slik at det i høgda kan verta aktuelt å opna for dette som eit alternativ til eigen taksering. Og det er mykje uvisse knytt til dette, med nokså grovmaska taksering utan synfaring. Det er ifølgje departementet heller ikkje sikkert at det vil koma nye reglar, og det kan vanskeleg bli tale om reglar som omfattar all eigedom. Kommunen vil uansett måtta taksera deler av eigedomsmassen sjølv – og då truleg den delen som er kostbar å taksera. Vinsten ved å avvenda den varsla saka er difor svært usikker.

Stord, 14.10.11

Magnus Mjør
rådmann

DØME PÅ EIGEDOMSSKATTEVEDTEKTER FOR STORD KOMMUNE

KAP. I – SAKKUNNIG TAKSTNEMND

§ 1-1 I medhald av Byskattelova §§ 4 og 5 jfr. Eigedomsskattelova § 33 vel kommunestyret ei sakkunnig nemnd og ei sakkunnig ankenemnd til å verdsetja eigedommar i Stord kommune på bakgrunn av forslag frå engasjerte synfararar.

Den sakkunnige nemnda skal ha tre medlemmer (leiar, nestleiar og eitt medlem). I tillegg skal det velgast tre personlege varamedlemmar.

Den sakkunnige ankenemnda skal ha tre medlemmer (leiar, nestleiar og eitt medlem). I tillegg skal det velgast tre personlege varamedlemmar.

Valperioden følgjer kommunevalperioden.

§ 1-2 Valgbarhet, inhabilitet og møteplikt

Valgbare og pliktige til å ta i mot val som medlem av sakkunnig nemnd eller ankenemnd, er dei som er pliktige til å ta i mot val til kommunestyret.

Eit medlem er inhabil til å delta i taksten når medlemmen

- a) sjølv er eigar, panthavar eller leigebuar til eigedommen,
- b) er i slekt eller i svogerskap med ein som nemnd under a) i opp- eller nedstigande line eller sideline så nær som søsken,
- c) er eller har vore gift, partnar eller forlova med, eller er fosterfar eller fostermor eller er fosterbarn til eigar,
- d) er verje for ein person som nemnd under a),
- e) er styrar eller medlem av styret for eit selskap, ei foreining, Sparebank, stifting eller offentlig innretning som er eigar, panthavar eller leigebuar til eigedommen,
- f) er medlem av formannskapet.

Sameleis er eit medlem inhabil når andre særeigne omstende føreligg som er eigna til å svekka tilliten til vedkomande medlem sin upartiskhet.

Nemnda treff sjølv avgjerder om kor vidt eit medlem er inhabil.

§ 1-3 Medlemmer av den sakkunnige nemnda og sakkunnig ankenemnd pliktar å stille til alle møte i dei respektive nemndene, med mindre det ligg føre lovlig forfall.

§ 1-4 Sakkunnige.

Nemndene kan be eigedomsskattekontoret tilkalla sakkunnig hjelp til å gje rettleiande uttalar på det bygningstekniske, industrielle, maskintekniske, juridiske eller andre område når dette vert vurdert som nødvendig.

Dei sakkunnige deltar ikkje i sjølve takseringa og har inga røysterett.

KAP. II – FØREBUING AV TAKSERINGA

§ 2-1 Rådmannen avgjer plassering og organisering av eigedomsskattekontoret. Det ligg til eigedomsskattekontoret å syta for alt administrativt og kontormessig arbeid for den sakkunnige nemnda og ankenemnda.

§ 2-2 Eigedomsskattekontoret utarbeidar ei liste over eigedommar som den sakkunnige nemnda vert invitert til å vurdere. Lista skal også innehalda eigedommar som skal unnatakast eller kan

fritakast for eigedomsskatt, jf eigedomsskattelova §§ 5 og 7. Det bør utarbeidast ei eiga liste over verk og bruk.

§ 2-3 Eigedomsskattekontoret førebur takseringa ved å henta inn tilgjengelig informasjon om den enskilde eigedom. Eigedomsskattekontoret kan be eigaren utlevera opplysningar av betydning for taksten.

§ 2-4 Eigedomsskattekontoret engasjerar synfararar (besiktigelsesmenn) i samråd med den sakkunnige takstnemnda. Kvar synfarar vert tilvist eit takstdistrikt eller liste over verk og bruk.

KAP. III - GJENNOMFØRING AV TAKSERINGA

§ 3-1 Det ligg til leiaren av den sakkunnige nemnda, i samarbeid med eigedomsskattekontoret å planleggja og leia arbeidet med takseringa. Eigedomsskattekontoret sin leiar vert kalla inn til alle møte i takstnemnda/takstnemndene.

Eigedomsskattekontoret fastset takstane i samråd med den sakkunnige nemnda og synfaringa (besiktigelsen) i samråd med synfararane (besiktigelsesmennene).

§ 3-2 Før den alminnelege takseringa vert starta opp, drøftar den sakkunnige nemnda alminnelege retningslinjer for takseringa for å sikra størst mulig lik vurdering. Slike møte kan og haldast elles når nemnda finn trong for det.

Den sakkunnige nemnda skal gjennomføra prøvetaksering for å fastsetja prisnivået for takseringa.

Den sakkunnige nemnda kan vedta sjablongar til bruk i takseringa. Sjablongane skal vera eit hjelpemiddel for å koma fram til eigedommane sin omsetnadsverdi, og skal ta høgde for at eigedommane sin beskaffenhet, anvendelighet og beliggenhet kan verka inn på verdien.

Det skal førast protokoll over forhandlingane i den sakkunnige nemnda.

§ 3-3 Den sakkunnige nemnda er i samarbeid med eigedomsskattekontoret ansvarleg for å gje synfararane informasjon og vegleiing om praktiseringa av dei alminnelige retningslinjene. Prøvetaksering bør finna stad med så vel nemnda som synfararane til stades for å sikra lik praksis.

§ 3-4 Eigedommen sin eigar bør varslast om at takst skal haldast. Eigedomsskattekontoret fastset frist for varsel.

Alminneleg taksering skal vera kunngjort på førehand i lokalpressa og på kommunen si heimeside.

§ 3-5 Eigedommane skal i alle høve synfarast av ein besiktigelsesmann. I samband med synfaringa utarbeidar besiktigelsesmennene forslag til takst.

Forslag til takst bør innehalda grunnlagsdata og prinsippa for verdsetjinga. Ved taksering av antatte verk og bruk bør takstforslaget også innehalda dei opplysningane som er nødvendige for at den sakkunnige nemnda skal kunne ta stilling til om eigdommen kvalifiserar som verk og bruk og kva maskiner og tilbehør som skal takast med i taksten.

§ 3-6 Den sakkunnige nemnda fastset i møte takstane på bakgrunn av dei forslag som er utarbeidde av besiktigelsesmennene.

Den sakkunnige nemnda tar i samband med fastsetjinga av taksten stilling til om den enskilde eigedom inngår i eigedomsskatteområdet eller skal skattleggjast som verk og bruk, samt kva tilbehør og ting som skal inngå i taksten, jfr eigedomsskattelova sin § 4 tredje og fjerde punkt, og kva eigedommar som skal unnatakast frå eigedomsskatt etter eigedomsskattelova sin § 5.

Det bør utarbeidast særskilt forslag for grunn og bygning dersom dei er eigd av forskjellige skatteytarar. Taksten skal setjast til eit tal som kan delast med 1000.

Synfararane deltek ikkje i den sakkunnige nemnda si fastsetjing av taksten.

- § 3-7 Takstprotokollen må innehalda opplysningar om når takst er halden, kva eigedom det gjeld og takstsummen. Vidare bør den kort opplysa kva som inngår i taksten og kva verdsetjingsprinsipp som er brukt. Alternativt kan desse opplysningane gjevast med ei tilvising til besiktigelsesmannen sitt takstforslag. Takstprotokollen skal underteiknast ved avsluttinga av kvart møte.

KAP. IV - OMTAKSERING OG SÆRSKILT TAKSERING

- § 4-1 I perioden mellom dei alminnelege takseringane kan omtaksering/særskilt taksering føretakast etter dei retningslinjer og vilkår som går fram av Byskattelova § 4, 3. og 4. ledd.

Fristen for å krevja omtaksering er 1. november i året føreåt for skatteåret. Kravet skal sendast til eigedomsskattekontoret.

Den sakkunnige nemnda tar stilling til om vilkåra for omtaksering/særskilt taksering er oppfylt.

Verdsetjinga bør skje etter dei same prinsippa og same prisnivå som ved førre alminnelige taksering.

Skattyter skal orienterast om taksten ved melding om vedtak.

KAP. V - OVERTAKST

- § 5-1 Overtakst kan krevjast av vedkomande skatteytar eller formannskapet.

- § 5-2 Krav om overtakst må setjast fram innan tre veker frå utlegging av skattelista det året alminneleg omtaksering finn stad eller frå melding av vedtak ved omtaksering/ særskilt taksering etter Byskattelova § 4, 3. og 4. ledd.

- § 5-3 Ved fristoversitjing kan fristutsetjing innrømmast når skattytar ikkje kan klandrast for fristoversitjing eller det er av særleg stor verdi å få behandla kravet.

- § 5-4 Krav om overtakst skal vera skriftleg og sendast eigedomsskattekontoret. Så snart som mulig etter at klagefristen er ute, sender eigedomsskattekontoret over alle krava til den sakkunnige nemnda.

- § 5-5 Den sakkunnige nemnda kan endra taksten i skattyter sin favør dersom den finn kravet grunngeve. I motsatt fall skal kravet sendast over til den sakkunnige ankenemnda.

- § 5-6 Den sakkunnige ankenemnda held overtakst etter føregåande synfaring.

- § 5-7 Den sakkunnige ankenemnda kan prøve alle sider av saka og kan endra taksten til skattyters ugunst.

- § 5-8 Den sakkunnige ankenemnda arbeider ut ein overtakstprotokoll med ei kort grunngeving for overtaksten. Protokollen skal opplysa om kva faktum og rettsanvendelse overtaksten byggjer på og kva verdsetjingsprinsipp som er brukt. Overtakstprotokollen må ta stilling til klagaren si grunngeving.

- § 5-9 Krav om overtakst har ikkje oppsetjande verknad.

KAP. VI - FORSKJELLIGE BESTEMMELSER

§ 6-1 Kommunestyret/formannskapet fastset godtgjersla til nemndsmedlemmene.

Eigedomsskattekontoret fastset godtgjersla til besiktigelsesmenn og sakkunnige som nemnt i § 1-4.

Eigedomsskattekontoret syt for utbetaling av godtgjersla.

§ 6-2 Ved første gongs utskrivning av eigedomsskatt må alminnelig taksering være avslutta innan utgangen av juni i skatteåret. Deretter skal eigedomsskatten så vidt mulig vera utskriven og skattelista offentliggjort innan 1. mars i skatteåret.

§ 6-3 Eigedomsskattekontoret fører eigedomsskatteliste med slikt innhald som nemnt i Eigedomsskattelova § 15. Lista skal liggja ute til offentlig gjennomsyn i minst tre veker etter at det er kunngjort at lista er lagt ut. Det skal kunngjerast i lokalpressen når og kor utlegging finn stad. Kunngjeringa skal innehalda opplysningar om fristen for å krevja overtakst og kven kravet skal sendast til.

Samtidig med at eigedomsskattelista vert lagt ut, skal skattesetel sendast til skattyter.

§ 6-4 Eigedomsskatten forfell til betaling etter dei terminar som kommunestyret fastset.

KAP. VII – IVERKSETJING.

Denne vedtekta tek til å gjelda frå vedtaksdato.

-o0o-